



Sigrid Konglevoll
Åsane Senter 7
5116 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/503 - 15/3861

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
19.02.2015

Gbnr 56/10 Hundvin. Etterlysing av meir informasjon i saka.

Lindås kommune har motteke søknad frå dykk som gjeld frådelling av bustadhuset på eigedommen gnr.56 bnr.10 Hundvin.

Søknaden som er sendt er diverre noko mangelfull:

Kartet som ligg ved syner ikkje kva areal som skal delast frå.

Det er heller ikkje synt kva veg den frådeltede eigedommen skal nytte som tilkomst. Dersom tilkomst etter deling vil komme til å gå over annan eigedom, må det ligge ved erklæring om vegrett.

Det er heller ikkje synt i søknaden korleis den frådeltede parsellen skal løyse vassforsyning og avløp. Det er rett at huset alt står på staden, men etter deling kan det tenkast at vassforsyning og avløp vil ligge på annan mann sin grunn, og då må det leggest fram erklæring om at den frådeltede eigedommen får rett til naudsynt tilgang for vedlikehald eller etablering av nytt anlegg for vassforsyning og avløp.

I søknaden er det heller ikkje grunngjeve kvifor ein ynskjer å dele frå huset. Slik kommunen forstår det, har ikkje eigedommen anna bustadhus. Dette tyder at dersom det vert gjeve løyve til deling slik det er søkt om, vil eigedommen vere utan bustadhus?

Dette er ein situasjon som styresmaktene finn lite ynskjeleg, og det hadde difor styrkt saka dykkar om det låg ved ei grunngjeving for søknaden som synte kva planar ein har for eigedommen vidare, og på kva måte ein skal sikre at det framleis er bustadhus på eigedommen.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Sigrid Konglevoll

Åsane Senter 7 5116

ULSET